



1. Opning av møtet

Martha ynskte møtelyden velkomen.

2. Konstituering

Namneopprop utifrå ajourført medlemsliste. 25 stk til stades, 8 ikkje til stades.

Godkjenning av innkalling. Godkjend utan kommentar.

Godkjenning av sakliste. Godkjend utan kommentar

Val av møteleiar: Bernt Reed vart vald til møteleiar

Val av møtesekretær: Jorunn Kvernevik vart vald til sekretær

Val av to til å skrive under møteprotokollen saman med møteleiar:

Gudmar Eikenes og Torgier Maritsson Grøneng

3. Årsmelding 2017

Den framlagde Årsmeldinga vart samrøystes vedteken med nokre mindre merknader. Desse vert retta i den endelege årsmeldinga. Det som det ver retta til er utheva med kursiv nedanfor

Om styret si samansetjing s 5

Leiar: Martha Sundal Engeland *ikkje på val.*

Kasserar: Margunn A. Evebø *ikkje på val.*

Sekretær: Linda Pupe Støyva *På val.*

Styremedlem : Reidun Kjørvik Førde *ikkje på val.*

Sosialkomitè: Elin Nikoline Vie. - *er ikkje lenger med i den.*

4. Rekneskap 2017 med revisjonsmelding

Rekneskapen vart kommentert av leiaren sidan kasseraren ikkje var til stades. Rekneskapen vart godkjend av møtelyden.

Kommentarar:

- S 10: Auke i VO-midlar kjem av ar ein har vore flinke til å melde inn gruppeøvingar og liknande.
- S 10: Fjerne årstal på faste postar som for eksempel NM.
- S 11: Sommarnatt ved fjorden får inn tittelen «Vårsøg»
- S 12: Løn for instruksjon for både 16 og 17 ligg inne i rekneskapen for 17. Dette gir eit lågare resultat.
- Siste punkt s 12: Rekneskapen viser at drifta går *i underskot med kr 134.285,64.* Her må vi....

5. Årsmøtesaker

Ingen saker var melde inn til årsmøtet

6. Arbeidsplan 2018 Vart lagt fram av Martin E. Koren, leiar i musikkutvalet.

Kommentarar:

- Tidspunkt for konsert i Vereide 11. mars vart endra frå kl 19:30 til kl 20:00
- 21.april: Vi hjelper *skulekorpsa i Sandane og Breim* med å arrangere...
- 28. oktober: Skulekorpsbasar *i Breim*
- Mars 19: marsj konsert; forslag til arbeidstittel: «Eit dykk i arkivet»

Arbeidsplanen med vart vedteken mot ei røyst.

7. Kontingent

Styret føreslår at kontingenten *vert ståande uendra og* er. 1000,- for vaksne og 500,- for skuleelevar.



Gloppen Janitsjar

Referat frå Årsmøte 15.02.2018, Aulaen Firda vgs.kl 21:00



8. Budsjett 2018

Martha kommenterte budsjettet for 2018 med inntekter og utgifter. Budsjettet vart samrøystes vedteke

9. Val

Valnemnda si innstilling til styre, med tilføyingar:

| | | | |
|--------------|----------------------|-----------------------------|----------------------|
| Leir: | Martha S. Engeland | Attval | <i>for 2 år.</i> |
| Nestleiar: | Ingrid S Søreide | ikkje på val, valt for 3 år | <i>på val i 2019</i> |
| Kasserar: | Heidi Fure Klausen | NY | <i>for to år</i> |
| Sekretær: | Jorunn Kvernevik | ikkje på val | <i>på val i 2019</i> |
| Styremedlem: | Reidun K. Førde | Attval | <i>for 2 år</i> |
| 1.vara: | Martin Eikeset Koren | attval | <i>for 1. år</i> |
| 2.vara | Gunnar Eide | Attval | <i>for 1 år</i> |

Valnemnda si innstilling til revisorar:

Olav R. Myklebust ny *for 2 år*

Styret si innstilling til valnemnd:

Margunn A. Ekebø ny *for 3 år*

Valnemnda sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

10. Avslutning

Leiar takka styret for arbeidet gjennom året og medlemmene for fram møte og deltaking på møtet. Det vart og sett fram takk til Dirigenten, og Geir for medverknad med Årsmeldinga. Møteleiar takka Martha for at ho tok gjenval som leiar.

Møtet vart heva 21:35.

Sandane 15.02.2018
GLOPPEN JANITSJAR

Jorunn E. V. Kvernevik
-sekretær-

Bernt Reed
-sign.-

Gudmar Eikenes
-sign.-

Torgier Maritsson Grøneneg
-sign.-